

## OPPSUMMERING

Workshop 1: Folketals- og næringsutvikling

Scenarie for samfunnsutvikling i Nye Stavanger

Tid og stad: Akropolis, 24. september 2018

### Førmeål

Etter workshopen skal deltakarane forstå:

- Handlingsrom for folketals- og næringsutvikling
- Kva vi kan gjere noko med lokalt, og kva som er ytre faktorar
- Kva tillit har å seie
- Kva vi kan gjere for å skape ein god utviklingskultur

### Program

KL 1230	Velkomen Eli Willumsen, Nye Stavnger Per Kristian Vareide, rådmann Solveig Svardal (om workshopen og prosjektet)  Knut Vareide: Scenarie for folketals- og næringsutvikling i Nye Stavanger. Presentasjon av analyseresultat Prosess 1: Med scenaria som bakteppe: Kva for mål skal Nye Stavanger ha for folketals- og næringsutvikling? Knut Vareide: Tillit og vekst. Presentasjon av førebels resultat frå tillitsmålinga i form av 3 tillitskart Prosess 2: Stemmer kartet med terrenget? Korleis skape best mulig samspel og mobilisere for utvikling i den nye kommunen? Oppsummering: Kva tar vi med oss vidare i prosessen?
KL 1600	SLUTT

## Deltakarar

Politikarar, administrasjon og næringsliv frå dei 3 kommunane

## Kva for mål skal Nye Stavanger ha for folketals- og næringsutvikling?

Så godt som alle meiner at vekst ikkje er det einaste målet, men ei gruppe meiner at det er det viktigaste, og ei peikar på at den må vere stigande, men sakte. Vekst er grunnlaget for å kunne utvikle tenester, og kommunen må ha mulighet for å styre veksten og velge på kva for område vi ønsker vekst (td næringsliv, reiseliv, folketal).

Eventuelt kva for andre mål i staden for (i tillegg til) vekst?

Det er først og fremst mål knytt til folkehelse / trivsel / levekår og gode bumiljø som blir trekt fram. Likeeins berekraft. Men det varierer nok kva som blir lagt i begrepet. Enkelte understrekar berekraft som vi kjenner det frå Brundtlandkommisjonen, andre koplar det først og fremst mote berekraftig (balansert) vekst. Men klimatilpassing er også sentralt.

Vidare handlar det om utvikling av gode tenestetilbod, god kommunikasjon og ein god og effektiv administrasjon. Dette er vel strengt tatt ikkje sjølvstendige mål, men strategiar.

Berekraftig samfunnsutvikling og gode levekår har førsteprioritet.

## Har det noko å seie kvar veksten kjem?

Fleirtalet er opptekne av at det viktigaste er at det blir ei god utvikling i næringslivet i regionen, og at differensiering er viktig; Havbruk og landbruk i det som no er Rennesøy og Finnøy, energi / olje på Forus, rådgjeving og handel i sentrum, forskning (særlig energi, teknologi, velferd) på Ullandhaug / Jåttåvågen.

Fleire trekker også fram 10-minuttersbyen; det skal vere lett å flytte seg mellom jobb og bustad.

Det store bildet knytt til busetting er også differensiering; å utnytte heile kommunen og dei fortrinna dei ulike delane har for ulike aldersgrupper. Fortetting og urbanisering i eksterande sentrum er viktig, og utvikle god tilbod for familiar og eldre utover i kommunen. Samtidig er det viktig å bygge ut for barnefamiljar i sentrum, for å kunne fange opp tilstrekkeleg vekst som også gir ein god aldersfordeling. Den eldre delen av befolkinga må ha tilgang til gode tenestetilbod der dei bur.

## Tillit

Dei fleste kjende seg godt att i tillitskarta, og kunne finne forklaringar i skillnadane som kjem fram mellom dei ulike kommunane.

Det kom fram fleire framlegg til korleis det kan jobbast for å skape best mulig tillit og mobilisere for utvikling i den nye kommunen, dette er på sett og vis også svar på det som er utfordringane:

- Må få til meir framsnakking, løfte fram det er som er bra
- Gode saksframlegg av høg kvalitet og raskare sakshandsaming
- Styrke den strategiske politiske debatten
- Lett tilgjengeleg og forståeleg informasjon, med forklaring på kvifor ting blir gjort som dei blir. Informasjon tidlegare i prosessar.
- Politiske møte på dagtid vil gi betre mediedekking, og dermed betre innsyn
- Openheit
- Styrke rammevilkåra for å drive frivillig arbeid
- Gruppleiarmøte gir betre kommunikasjon og tillit mellom politikarar
- Skape, ikkje berre forvalte!